

REGLAR FOR BRUK AV NÆRINGS- OG BEREKRAFTFONDET

VEDTEKE AV KOMMUNESTYRET I LOM, FEBRUAR 2025





Målsetting

Næringsfondet skal brukast til å:

- utvikle Lom som eit levedyktig lokalsamfunn.
- legge til rette for vekst og ei berekraftig utvikling i næringslivet.
- medverke til at kommunen oppnår målsettingane som er definerte i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Reglane skal vere rettleiande når det gjeld å vurdere om eit tiltak kan få økonomisk støtte frå næringsfondet, og storleiken på tilskotet.

Foto: SMELT Media

GENERELLE RETNINGSLINJER

- Søknadane må fortrinnsvis fremmest før tiltaket er sett i verk.
- Det er primært bedrifter med forretningsadresse i Lom som kan få støtte. Unntak kan gjerast der det er store positive ringverknadar for Lom eller regionen vår.
- Ein berekraftig forretningsmodell er ei forutsetning for å få tilskot frå næringsfondet.
- Det teller positivt dersom forretningsideen tilfører noko nytt i marknadet og/ eller har positive ringverknadar.
- Løyvingar blir forvalta i tråd med Lom kommune sitt delegeringsreglement.
- Ikkje nytta løyvingar kan etter tre år frå utløp av det kalenderåret som løyvinga er gjeve, førast attende. Fristen på tre år for bruk av løyvingar kan forlengast ved særlege grunnar.
- Saksframlegg til politisk behandling skal inkludere ei oversikt over inntekter og utgifter så langt i inneværande år.

GENERELLE RETNINGSLINJER

- Næringsfondet skal nyttast etter at andre finansieringsmoglegheiter er vurdert. Kommunalt næringsfond kan nyttast til samfinansiering der dette er naudsynt for å få realisert tiltaket.
- Bruken av fondet må vere i samsvar med dei internasjonale regelverka som Norge har slutta seg til på statsstøtteområdet.
- Kommunen følgjer Innovasjon Norge sine satsar for eigeninnsats. Timesatsen for ENK skal nyttast dersom timelister blir brukt som dokumentasjon.
- I utgangspunktet blir tilskotet utbetalt etter at tiltaket er gjennomført. Ved løyvingar over kr. 20 000 og ved nyetableringar kan det gjevast ei delutbetaling på inntil 75 % etter avtale. Gjennomført arbeid og dokumenterte kostnadar må synleggjerast før utbetaling. På tilskot over kr. 50 000 må søkeren vise fram attestert rekneskap for å få utbetalt sluttsummen.

KVA KAN STØTTAST:





Kompetansebehov:

- Tilskot til kompetanseheving vert prioritert der bedrifa gjer eit kompetanseløft som krev betydeleg ny opplæring hjå dei tilsette.
- Det kan gjevast tilskot til å dekke kostnadar knytt til kursavgift, reise og opphold.
- Tilskotssatsen er avgrensa til maksimalt 50% av godkjente kostnadar.

Foto: Lom kommune



Bedriftsutvikling:

- Det kan gjevast tilskot til mellom anna marknadsundersøking, kartlegging, produktutvikling og profilering.
- Tilskotssatsen er avgrensa til maksimalt 50% av godkjente kostnadar.
- Kommunen skal legge vekt på dette i vurderinga: Tilgjengelege midlar i fondet, berekraft, sysselsettingsverdi, innovasjonshøgde, vekstpotensial og ringverknadar.

Investeringar



- Det kan gjevast støtte til investeringar, men avgrensa til ein maks. sum på kr. 150 000 pr. tiltak og ein prosentsats på maks 30% av godkjent kostnad. Tilskot over denne summen kan vurderast i særlege tilfeller der tiltaket kan ha stor positiv effekt for Lom.
- Kommunen er restriktive med å gi tilskot til investeringar i eigen bustad til næringsføremål, med mindre tiltaket har ei tydeleg sysselsettingseffekt og lokalet er godt egna.
- Kommunen skal legge vekt på dette i vurderinga: Tilgjengelege midlar i fondet, berekraft, sysselsettingsverdi, innovasjonshøgde, vekstpotensial og ringverknadar.

Foto: Ole Kristian Sveen



Samfunnsutvikling:

Næringsfondet kan brukast til infrastruktur- og utviklingstiltak som kjem lokalsamfunnet til gode. Til dømes:

- kommunale / regionale omdømmeprosjekt
- kommunale infrastruktur- eller stadsutviklingstiltak som bidreg til å oppnå målsetningane for bruk av kommunalt næringsfond.
- inkludering- og tilflyttingsarbeid
- ungt entreprenørskap, t.d. tilskot til elev- og ungdomsbedrifter
- fellestiltak med positive ringverknadar for næringslivet

Foto: Live Andrea Sulheim

KVA KAN IKKJE STØTTAST:



Kommunen gir ikkje tilskot til :

- Kjøp av eigedom
- Kjøp og leasing av motoriserte køyretøy, datamaskin, nettbrett, mobiltelefon o.l.
- Rein utskifting av eksisterande maskinpark / utstyr
- Etableringar der ei verksemd får ny eigar, men går vidare utan vesentlege endringar.

Fondsmidlane bør ikkje nyttast til å dekkje løpende drift av kommunen, bortsett frå renter og avdrag på investeringar som er gjort i tråd med fondets føremål og til personell som forvaltar fondet (næringssjef, landbrukskontor etc.)


Det blir ikkje gitt tilskot til løpende drift i bedrifter, med mindre arbeidet som blir gjort kjem næringslivet til gode. Døme på dette kan vere bedrifter som Skåppå og Visit Jotunheimen.



Foto: Live Andrea Sulheim

SÆRSKILTE ORDNINGAR:





Arrangement:

Lom kommune kan gi tilskot til arrangement der dette primært er lokalisert i Lom eller gir store ringverknadar for Lom.

Kommunen vil prioritere arrangement som:

- tilbyr noko nytt i eit lokalt eller regionalt marked
- har privat eller friviljug eigarskap
- bidreg til lokal verdiskaping og sysselsetting

For å stimulere til heilårsturisme vil det telle positivt dersom arrangementa blir lagt til våren, hausten eller vinteren.

I fyrste omgang er det aktuelt å gi eit oppstartstilskot for å redusere risikoen dei tre første åra.
Tilskotet utover dette må vurderast i kvart enkelt tilfelle.

Foto: Sondre Morken Bøye



Tilskot til å "prøvesitte" i eit kontorfelleskap

Lom kommune ynskjer å legge til rette for at bedrifter, studentar og folk med stadsuavhengig arbeidsplass kan "prøvesitte" gratis i eit kontorfellesskap i Lom i ei periode.

Kommunen kan gi eit tilskot på inntil kr. 10 000 pr. søkjar, avgrensa til maks kr. 2500 pr. månad og maks fire månadar.

Bedrifter som allereie sitt i eit kontorfelleskap i Lom i dag kan ikkje få tilskot til å teste ut andre plasseringar.

Foto: Norsk fjellsenter / Live Andrea Sulheim

Tilskot til skredfarevurdering



I byggjesaker for vidare utvikling av etablerte bebygde eideommar kan tiltakshavar søkje kommunen om tilskot for medfinansiering av fagleg skredfarevurdering utført av geolog.

Eit eventuelt tilskot er avgrensa til maksimalt kr. 15.000 pr. søkjar, og kan ikkje utgjera meir enn 25 % av dokumenterte, eksterne kostnadar.

Enklaste førebyggande tiltak er å unngå bygging i registrerte fareområde. Tilskot for å avklare moglegheiter for nyetablering i slike område kan ikkje pårekna.



Tilskot til miljøsertifisering

For å stimulere til ei meir berekraftig utvikling kan det gjevast tilskot til miljøsertifisering av bedrifter.

Resertifisering blir ikkje støtta.

Tilskotet er avgrensa til maksimalt kr. 20 000, maks 50% av dokumentert kostnad.

Foto: Åshild Myhre Amundsen



Nydyrkning:

Det kan gjevast tilskot til fulldyrkning av jordbruksareal.

Maksimalt kr. 5000 pr. daa / inntil 30 % av kostnadsoverslaget. Minsteareal 1 daa.

Tilskot kan ikke løvvast før plan for nydyrkning er godkjent av kommunen, jamfør gjeldane forskrift.

Foto: Canvas



Vassveg

Det kan gjevast tilskot til fast vatningsanlegg (restaurering av gamle vassvegar, damanlegg og nytt vatningsanlegg).

Det blir ikkje gjeve tilskot til vatningsvogn og anna spreieutstyr.

Det skal takast omsyn til kulturlandskap og kulturminne.

Fellestiltak for omlegging til naturleg trykk vil bli prioritert.

Inntil 30% av kostnadsoverslaget.

Foto: Tor Ivar Boine

Tilskot til tynning og avverking

Det blir gjeve inntil kr. 40 pr. m³ i tilskot til avverking.

Det blir gjeve inntil kr. 100 pr. m³ i tilskot til tynning i hogstklasse 3.

Ved drift i bratt terreng med driftstekniske utfordringar kan det gjevast 60 kr pr. m³. Slike driftar må vera førehandsgodkjent av kommunen. Her må blant anna naturfarar vurderast.

Avverkinga eller tynninga må vere i samsvar med «Norsk PEFC Skogstandard», og tilfredsstille «Forskrift om berekraftig skogbruk».

Virket skal vere levert for sal, dvs. at det skal vere registrert i VSOP.

Tilfredstillande forynging av arealet etter avverking er eit vilkår for å få tilskot.

Tynninga skal utførast på ein skogfagleg forsvarleg måte og godkjennast av kommunen dersom den ikkje er utført av profesjonelle entreprenørar.



Skogbruksvegar:

- Tilskotet gjeld både nybygging og ombygging av eksisterande veg.
- Ved ombygging er det krav at vegstandarden skal hevast minst ei vegklasse etter Landbruks- og matdepartementets normaler for landbruksveier.
- Vegen skal vera planlagt av fagfolk og godkjent i alle instansar før tilskot kan løvvast.
- Minste tilskotsgrunnlag er kr. 10 000,-. Det kan gjevast tilsegn om inntil 50 % av kostnadsoverslaget, maksimalt kr. 40 000 pr. veganlegg.
- Det er eit vilkår at interessentane held vegen ved like.

Praktisk informasjon:



Om fondet:

- Næringsfondet er sett saman av årlege konsesjonsavgifter frå reguleringar av Tessevatna, Raudalsvatn-Breidalsvatn, Veo til Tesse, Aursjøen, Fortun-Grandfasta og Smådøla. I tillegg kjem renter frå inneståande kapital.
- Vedtekten kan endrast etter vedtak frå kommunestyret.

Klageadgang:

- Vedtaket er eit enkeltvedtak som følgjer Forvaltningsloven og kan klagast til Lom kommune. Klagefristen er tre veker rekna frå dagen vedtaket kom fram til adressaten. Kommunestyret er klagenemnd. Når det påkлага vedtaket er handsama av kommunestyret er departementet klageinstans. Dette er delegert til Statsforvaltaren i Innlandet.

Foto: Live Andrea Sulheim